

Pasientinformasjon angående VRE (vancomycinresistente enterokokkar)

Kva er VRE?

Enterokokkar er ein type bakteriar som finst i normal tarmflora hjå både menneske og dyr. VRE står for vancomycinresistente enterokokkar og er ein antibiotikaresistent variant av desse bakteriane.

Forekomsten av VRE har lenge vært lav i Norge men er stadig aukande.

Er VRE farlig?

Det er normalt å ha enterokokkar i tarmen, og dei gjev sjeldan sjukdom. Dette gjeld også for VRE. Langt dei fleste pasientane som blir smitta med VRE vil vera det vi kallar asymptomatiske bærarar som ikkje har merkbare symptom på at VRE er blitt del av deira normale tarmflora.

Korleis smittar VRE?

Smitte skjer via direkte eller indirekte kontakt med ein smitta person (ein VRE-bærar). Dette betyr i praksis at tarmbakterien blir overført via ureine hender eller at ein smitta person har "lagt igjen" bakterien i miljøet som til dømes på vask, toalett, dørhandtak eller liknande. Tiltaka i sjukehus tek sikte på å bryta desse smittevegane.

Korleis vert VRE behandla?

Bærarskap av VRE utan symptom treng ikkje behandling

Dersom nokon derimot skulle få ein infeksjon med slike bakteriar må dei behandlast med andre typar antibiotika enn dei ein vanlegvis brukar. Dette kan gje fleire biverknader og lengre sjukehusopphald.

Kva gjer helsepersonell for å hindra spredning av VRE?

Kvart enkelt VRE-tilfelle må vurderast for seg med omsyn til smittefare og nødvendige tiltak. Pasientar med VRE kan nokre gonger bli isolerte på eit eige rom for å hindra smitte til andre pasientar. Helsepersonell brukar personleg verneutstyr som hanskar og frakk ved stell og pleie. Av og til blir det tatt prøve av medpasientar (bakterieprøve frå endetarmen) for å kontrollera at desse ikkje er blitt smitta, dette heiter smittesporing.

Kva kan pasientar og pårørende gjera for å hindra smittespreiing?

Det viktigaste alle kan gjera er å ha reine hender. Det inneber handvask med såpe og vatn eller handdesinfeksjon med sprit, og dette er spesielt viktig før måltid og etter toalettbesøk.

Korleis blir VRE handsama utanfor sjukehus?

Utanfor sjukehus skal personar med VRE leva som normalt, god handhygiene er det viktigaste tiltaket for å hindra smitteoverføring av alle bakteriar og virus i samfunnet. For friske personar utanfor helseinstitusjon utgjer VRE ingen risiko. Dette inkluderer gravide, små barn og andre som har nærkontakt med ein person med påvist VRE.

Kan ein smitta person bli kvitt VRE?

Mange av dei som er smitta med VRE vil kvitta seg med bakterien, men det er vanskeleg å seie nøyaktig kor lang tid det kan ta. Det fins per i dag ingen testar som kan gje eit påliteleg svar på om bakterien er heilt borte. Smitteforebyggande tiltak i sjukehus er strenge for å hindra smitte og infeksjonar hos særleg utsette medpasientar. Fordi det er vanskeleg å vite nøyaktig kor lenge nokon er bærar av denne bakterien, vil personar med tidlegare påvist VRE som regel bli handtert som VRE-positiv ved ny innlegging i sjukehus.